



# Høgskulen på Vestlandet

## Masteroppgave

MAFYS602

### Predefinert informasjon

Startdato:	19-05-2020 09:00	Termin:	2020 VÅR
Sluttdato:	26-05-2020 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Masteroppgave	Studiepoeng:	45
SIS-kode:	203 MAFYS602 1 O 2020 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

### Deltaker

Kandidatnr.: 417

### Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	8244	Inneholder besvarelsen konfedisjelt materiale?:	Nei
Egenerklæring *:	Ja		

Jeg bekrefter at jeg har Ja  
registrert  
oppgavetittelen på  
norsk og engelsk i  
StudentWeb og vet at  
denne vil stå på  
uitnemålet mitt \*:

### Gruppe

Gruppenavn:	(Anonymisert)
Gruppenummer:	4
Andre medlemmer i gruppen:	Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner autalen om publisering av masteroppgaven min \*

Ja

**Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \***

Ja, Undersøkelse og behandling av pasientar med svimmelhet i norsk primærhelseteneste, LODIP-studien

**Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \***

Nei

# MASTEROPPGÅVE

Samanhengen mellom muskelskjelettfunksjon og balanse hos pasientar med langvarig svimmelheit – Ein tverrsnittstudie

The association between musculoskeletal function and balance in patients with long-lasting dizziness – A cross-sectional study

**Linda Haukanes**

Master i klinisk fysioterapi

Fakultetet for helse- og sosialvitskap

Institutt for helse og funksjon

Muskel-skjelett, ortopediske og revmatiske helseproblem

Innleveringsdato: 26.mai 2020

Ord: Del ein - Kappe 5485. Del to – Artikkel 2759

## Føreord

Denne masteroppgåva utgjer siste del av mastergrada i Klinisk Fysioterapi ved Høgskulen på Vestlandet. Det er mange som har bidrege til å gjera både masterstudiet og masteroppgåva mogleg for meg.

Takk til rettleiarane mine, Mari og Liv, for konstruktive og gode tilbakemeldingar, og for døgnopen e-post gjennom heile skriveprosessen. Takk for at eg fekk moglegheita til å vera med på dette spanande prosjektet.

Takk til gode kollegaer i Team Rehabilitering i Bydel Gamle Oslo. Takk for at eg fekk moglegheita til å starta på denne masterutdanninga, og for at de har hatt trua på meg dei to siste åra. Eg ynskjer også å retta ei særskilt takk til Joachim, for teknisk støtta.

Takk til venner og familie for all tolmodigheit og heirop gjennom heile prosessen. Eg ynskjer særleg å seia takk til Eva, søskenbarnet mitt, for tida du har gitt til meg. Me har hatt mange timer saman på telefonen, og eg set umåteleg stor pris på hjelpa di og ditt ynskje om å hjelpa meg.

Til Daniel. Endeleg er me ferdig! Tusen takk for all støtte du har vist meg i løpet av dei to siste åra, og særleg det siste halve året. Din tolmodigheit, men også realistiske kommentarar som «dette har du valgt helt selv», har gitt meg motivasjon til å fullføra. Tusen takk for det.

## **Samandrag**

**Bakgrunn.** Svimmelheit er eit vanleg problem hos vaksne. Hos dei fleste går svimmelheita over etter kort tid, medan den vert vedvarande hos andre. Personar som er svimle over tid kan utvikla ein redsel for å røra seg. Dette kan føra til muskelskjelettsmerter. Balansen kan også bli nedsett hos pasientar med langvarig svimmelheit. Ulike studiar har vist ein samanheng mellom auka grad av muskelskjelettsmerter og nedsett balanse i ulike pasientgrupper. Men, så vidt me veit er det ikkje gjort noko forsking på samanhengen mellom muskelskjelettfunksjon og balanse hos pasientar med langvarig svimmelheit. Balanse er viktig for å oppretthalda sjølvstendigkeit i dagleglivet, og ettersom svimmelheit og nedsett balanse kan føra til fall og nedsett funksjon, er det å undersøkja eventuelle faktorar som kan påverka balansen hos pasientar med langvarig svimmelheit viktig.

**Føremål.** Føremålet med denne studien er å undersøkja om det er ein samanheng mellom muskelskjelettfunksjon og balanse hos pasientar med langvarig svimmelheit.

**Metode.** Studien har eit tverrsnittdesign. Det vart gjennomført analysar med 105 polikliniske pasientar. Fysiske funksjonstestar vart nytta for å undersøkja kroppsleg fleksibilitet, gripestyrke og gangfart. Eit sjølvrapportert spørjeskjema vart nytta til å undersøkja muskelskjelettsmerter. Balanse vart undersøkt ved hjelp av ei balanseplattform. For å skildra bakgrunnsinformasjonen som kjønn og alder, vart det nytta deskriptiv statistikk. Variansanalysemallar vart nytta for å undersøkja gruppeskilnadar mellom kjønn og aldersgrupper med omsyn til avhengige variablar. Samanhengane mellom muskelskjelettfunksjon og balanse vart testa ved hjelp av lineære regresjonsmallar.

**Resultat.** På fast underlag var auka postural svai med opne auge assosiert med auka grad av muskelskjelettsmerter. Mindre postural svai på fast underlag med opne og lukka auge var assosiert med nedsett kroppsleg fleksibilitet. På skumpute var auka postural svai med opne auge assosiert med nedsett rask gangfart. I tillegg var auka postural svai på skumpute med lukka auge assosiert med nedsett gripestyrke.

**Konklusjon.** Funna frå studien tyder på at det er ein svak samanheng mellom muskelskjelettfunksjon og balanse hos pasientar med langvarig svimmelheit.

## **Abstract**

**Background.** Dizziness is a frequently reported condition among adults. In most people, the dizziness disappears after a short period of time, while it persists in others. Due to fear avoidance, musculoskeletal pain can arise, and the balance may also be reduced among people with long-lasting dizziness. Previous studies have shown an association between increased degree of musculoskeletal pain and reduced balance among different patients. However, to our knowledge, no research has been done to investigate the relationship between musculoskeletal function and balance in patients with long-lasting dizziness. Balance is important to maintain independence in daily life as reduced balance can cause falls and reduced function. Investigating factors that may affect the balance in patients with long-lasting dizziness is therefore of interest.

**Objective.** The aim of this study is to examine if there is an association between musculoskeletal function and balance in patients with long-lasting dizziness.

**Methods.** This study has a cross-sectional design. Analyses were done with 105 outpatients. Physical function was assessed with bodily flexibility, grip strength and walking speed. A self-report questionnaire was used to assess musculoskeletal pain. Balance was measured with a balance platform. Descriptive statistics were used to describe background variables such as gender and age groups. Analyses of variance were used to test group differences among gender or age groups with regard to dependent variables. Linear regression models were used to examine the associations between musculoskeletal function and balance.

**Results.** On firm surface, increased postural sway with eyes open were associated with increased musculoskeletal pain. Decreased postural sway on firm surface with eyes open and closed were associated with decreased bodily flexibility. On soft surface, increased postural sway with eyes open were associated with decreased fast walking speed. In addition, increased postural sway on soft surface with eyes closed were associated with decreased grip strength.

**Conclusion.** The findings suggest that musculoskeletal function is weakly associated with balance in patients with long-lasting dizziness.

# **Innhaldsliste**

Forkortinger

Figurar og tabellar i kappe og artikkelen

Del ein - kappe

<b>1.0 Introduksjon .....</b>	<b>1</b>
1.1 Bakgrunn .....	1
1.2 Forskingsspørsmål .....	1
1.3 Oppbygging av kappe .....	2
<b>2.0 Teori .....</b>	<b>2</b>
2.1 Balanse .....	2
2.1.1 Balanse i stående stilling .....	2
2.1.2 Balanse og muskelskjelettsmerter .....	3
2.2 Svimmelheit .....	4
2.3 Muskelskjelettfunksjon.....	5
2.3.1 Svimmelheit og muskelskjelettsmerter.....	5
2.3.2 Svimmelheit og kroppsleg fleksibilitet.....	5
2.3.3 Gripestyrke .....	6
2.3.4 Gangfart .....	6
<b>3.0 Metode .....</b>	<b>6</b>
3.1 Val av metode og forskingsdesign .....	6
3.2 Vitskapsteoretisk forankring.....	7
3.3 Rekruttering og utval .....	8
3.4 Utfallsmål og testar .....	9
3.5 Statistiske analysar .....	10
3.6 Etikk.....	10
<b>4.0 Resultat.....</b>	<b>11</b>
4.1 Normalfordeling .....	11
4.1.1 Histogram som viser avhengige variablar målt med mCTSIB på balanseplattform .....	11
4.2 Korrelasjon.....	12
4.2.1 Spreiingsplott mellom uavhengige og avhengige variablar .....	13
4.3 Samanfatning av bakgrunnsinformasjon og kliniske målingar .....	13
4.4 Samanfatning av resultat frå artikkelen .....	14
<b>5.0 Drøfting .....</b>	<b>14</b>
5.1 Drøfting av metode .....	14
5.1.1 Forskningsdesign .....	14
5.1.2 Intern validitet.....	15
5.1.3 Ekstern validitet .....	17
5.1.4 Risiko for type I- og type II-feil .....	18
5.2 Relevans av funna for fysioterapeutar.....	19
<b>6.0 Konklusjon.....</b>	<b>19</b>
<b>Referansar</b>	
<b><u>Del to – artikkelen</u></b>	
Vedlegg	

# Forkortinger

ANOVA Variansanalysemodellar

BESTest The Balance Evaluation Systems Test

BOS Base of support

BPPV Benign paroksysmal posisjonsvertigo

CI 95 % Konfidensintervall

COM Centre of mass

COP Centre of pressure

DGI Dynamic Gait Index

ECfirm Lukka auge på fast underlag

EOfirm Opne auge på fast underlag

ECsoft Lukka auge på skumpute

EOsoft Opne auge på skumpute

GFM Global fysioterapeutisk muskelundersøkelse

GFMfleks Global fysioterapeutisk muskelundersøkelse – fleksibilitet

GPE Global physiotherapy examination

GPEflex Global physiotherapy examination - flexibility

H<sub>0</sub> Nullhypotese

H<sub>A</sub> Alternativ hypotese

HVL Høgskulen på Vestlandet

mCTSIB Modified Clinical Test of Sensory Interaction on Balance

m/s Meter i sekundet

n Størrelse på utvalet

REK Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk

R<sup>2</sup> Forklart varians

SD Standardavvik

SHC Subjective health complaints

SHCmusc Subjective health complaints - musculoskeletal

SHCmusk Subjective health complaints - muskelskjellett

TUG Timed Up and GO

VSS-A Vertigo Symptom Scale - Anxiety

VSS-SF Vertigo Symptom Scale – short form

VSS-V Vertigo Symptom Scale – Vertigo

WS Walking Speed

$\beta$  Standardisert koeffisient Beta

## **Figurar og tabellar i kappe og artikkel**

### **Figurar i kappe**

Figur 1. Flytskjema som viser rekruttering av utvalet

Figur 2. Svai på fast underlag med opne auge (EOfirm)

Figur 3. Svai på fast underlag med lukka auge (ECfirm)

Figur 4. Svai på skumpute med opne auge (EOsoft)

Figur 5. Svai på skumpute med lukka auge (ECsoft)

Figur 6. Balanse målt på fast underlag med opne auge (EOfirm) og muskelskjelettsmerter (SHCmusk)

Figur 7. Balanse målt på fast underlag med lukka auge (ECfirm) og kroppsleg fleksibilitet (GFMfleks)

Figur 8. Balanse målt på skumpute med opne auge (EOsoft) og gangfart raskt tempo

Figur 9. Balanse målt på skumpute med lukka auge (ECsoft) og gripestyrke

### **Tabellar i kappe**

Tabell 1. Testar og spørjeskjema nytta i studien

### **Tabellar i artikkel**

Table 1. Descriptive statistics of background variables

Table 2. Descriptive statistics of musculoskeletal variables and balance

Table 3. Descriptive statistics and group differences of log transformed path length by gender and age categories analyzed by ANOVA statistics

Table 4. Linear regression between log transformed path length on a firm surface and musculoskeletal and functional variables. Crude and adjusted models

Table 5. Linear regression between log transformed path length on a soft surface and musculoskeletal and functional variables. Crude and adjusted models

# **Del ein - Kappe**

## **1.0 Introduksjon**

### **1.1 Bakgrunn**

I Noreg har om lag 14% av befolkninga opplevd svimmelheit eller nedsett balanse i løpet av dei tre siste månadane (Statistisk Sentralbyrå, 2015). Dette er plager som ofte går over etter kort tid, men vert vedvarande hos andre (Sloane, Coeytaux, Beck & Dallara, 2001, s. 823). Hos pasientar med langvarig svimmelheit har det blitt rapportert om nedsett balanse (Söhlen, Bittar & Staab, 2016, s. 323) og auka grad av muskelskjelettsmerter (Kvåle, Wilhelmsen & Fiske, 2008, s. 169). Samtidig er det lite forsking på samanhengen mellom desse faktorane, og det å undersøkja eventuelle faktorar som kan påverka balansen vil difor kunna bidra med ny og viktig kunnskap hos pasientar med langvarig svimmelheit.

Masterprosjektet er ein del av doktorgradsprosjektet «Undersøkelse og behandling av pasientar med svimmelhet i norsk primærhelseteneste», LODIP-studien, ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). Hovudmålet med LODIP-studien var å undersøkja effekten av eit gruppebasert behandlingstiltak som bestod av vestibulære øvingar, kroppsbevisstheit og kognitiv adferdsterapi i ein randomisert kontrollert studie (Kristiansen, Magnussen, Juul-Kristensen, et al., 2019; Kristiansen, Magnussen, Wilhelmsen, et al., 2019). Dette prosjektet er registrert i ClinicalTrials.gov (NCT02655575) og godkjent av Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk (REK) med referansenummer 2014-00921.

### **1.2 Forskingsspørsmål**

Er det ein samanheng mellom muskelskjelettfunksjon og balanse hos pasientar med langvarig svimmelheit?

Hypotesen ( $H_0$ ) for dette masterprosjektet var at det ikkje er nokon samanheng mellom muskelskjelettfunksjon og balanse hos pasientar med langvarig svimmelheit. Den alternative hypotesen ( $H_A$ ) var at det er ein samanheng mellom muskelskjelettfunksjon og balanse hos pasientar med langvarig svimmelheit.

## **1.3 Oppbygging av kappe**

Masteroppgåva er bygd opp som artikkel med kappe. Føremålet med kappa er å gje utvida teoretisk, empirisk og forskingsrelevant informasjon for den tilhøyrande artikkelen. I kappa, del ein, vil det først bli presentert ein utvida teoridel om balanse, muskelskjelettsmerter og svimmelheit. Teori og empiri om kroppsleg fleksibilitet, gripestyrke og gangfart vert presentert ettersom dette er sentrale målemetodar i oppgåva. Metoden vert kort samanfatta saman med vitskapsteoretisk forankring og etiske aspekt ved studien. I resultatdelen vil det i tillegg til ei kort samanfatning av resultat frå artikkelen bli vist eit utval av histogramma og spreiingsplotta som vart nytta for å undersøkja om det var grunnlag for å gjera parametriske statistiske testar. Deretter vil ein utvida metodologisk diskusjon bli presentert i tillegg til ein diskusjon av den kliniske relevansen av resultata. I del to av masteroppgåva vert artikkelen presentert. Artikkelen vil seinare bli innsendt til fagfellevurdering i tidsskriftet Gait & Posture. Eit utdrag av retningslinjene for artikkelforfattarar er vedlagt (vedlegg 1).

## **2.0 Teori**

### **2.1 Balanse**

Balanse er viktig for å kunna utføra all aktivitet i daglelivet (Bergland, 2000, s. 1; Moe-Nilssen & Helbostad, 2002, s. 60). Det å ha nedsett balanse kan få store konsekvensar, som mellom anna tap av uavhengighet, men også auka risiko for fall, sjukdom og død (Shumway-Cook & Woollacott, 2017, s. 153).

#### **2.1.1 Balanse i ståande stilling**

Kroppen har eit tenkt senterpunkt for den totale kroppsmassen (Center Of Mass: COM) (Shumway-Cook & Woollacott, 2017, s. 154). Dette er ikkje eit fast punkt, men det flyttar seg ut frå forholdet mellom dei ulike kroppsdelane. I ståande stilling vert COM kontrollert av sentralnervesystemet. Den delen av kroppen som er i kontakt med underlaget vert omtala som understøttsesflata (Base Of Support: BOS). Krafta kroppen overfører til underlaget har eit senter (Center Of Pressure: COP). I ståande stilling bevegar COP seg kontinuerlig rundt COM for å halda COM innanfor understøttsesflata (Corriveau, Hébert, François & Raîche, 2001, s. 81; Shumway-Cook & Woollacott, 2017, s. 154). For å måla grad av postural svai kan ein nytta ei balanseplattform der ein måler parameterert COP, kurvelengde (path length). Den

målte kurvelengda vil vidare bli referert til som postural svai då auka postural svai kan vera eit uttrykk for redusert balanse.

For å oppretthalda eller justera balansen er sentralnervesystemet avhengig av eit presist bilet av kvar kroppen er i rommet til ei kvar tid. Dette skjer ved hjelp av visuell, proprioceptiv og vestibulær informasjon (Shumway-Cook & Woollacott, 2017, s. 172). Det visuelle systemet bidreg med informasjon om posisjonen og rørsla til hovudet basert omgjevnadane rundt, medan det proprioceptive systemet gjev informasjon om posisjonen og rørsla til kroppen. Det vestibulære systemet informerer om posisjonen og rørsla til hovudet med referanse til gravitasjons- og treighetskraftene (Shumway-Cook & Woollacott, 2017, s. 172-172).

Det er ei overflod av sensorisk informasjon sidan det er tre system som informerer om kroppen sin posisjon. Dersom ein av sansane vert forstyrra mottar kroppen meir informasjon frå dei resterande sansane (Brodal, 2004, s. 175). Det skjer då ei re-vekting av sensorisk informasjon. Det er dette som skjer når eit individ flyttar seg frå eit lyst til eit mørkt rom. Synet går då frå å vera ei viktig sensorisk kjelda til å ikkje kunna bidra med like mykje informasjon (Horak, 2006, s. 9). Pasientar med vestibulære sjukdommar vektlegg synet og det proprioceptive systemet i større grad for å oppretthalda balansen (Molvær, Goplen & Nordahl, 2020, s. 45). Dersom synet hos denne pasientgruppa vert forstyrra ved at dei bevegar seg i eit mørkt rom, kan det føra til at balansen vert redusert (Brodal, 2004, s. 27; Winter, 1995, s. 193).

### 2.1.2 Balanse og muskelskjebletsmerter

Fleire studiar har vist ein samanheng mellom balanse og muskelskjebletsmerter. Hos pasientar med uspesifikke nakkesmerter er det vist ein samanheng med nedsett balanse samanlikna med pasientar utan nakkesmerter (Ruhe, Fejer & Walker, 2011a, s. 10). Det same er sett hos pasientar med korsryggsmarter samanlikna med friske (Ruhe, Fejer & Walker, 2011b, s. 366). Lihavainen et al. (2010, s. 993) fann at generelle muskelskjebletsmerter i fleire områder av kroppen var assosiert med auka postural svai målt på balanseplattform. Det er også vist at pasientar med nedsett balanse på grunn av muskelsmerter har fleire fall enn andre (Jones, Horak, Winters, Morea & Bennett, 2009, s. 5).

## **2.2 Svimmelheit**

Svimmelheit kan karakteriserast som opplevinga av forstyrra eller svekka romleg orienteringsevne utan ei falsk eller forvrengt oppleving av bevegelse (Wilhelmsen, Tamber & Skøien, 2020b, s. 16). Samtidig kan det å skildra svimmelheita vera vanskeleg, då den er eigenopplevd. Nokon skildrar det som om at dei «svaiar» medan andre skildrar det som om at dei «er på ein karusell» (Wilhelmsen et al., 2020b, s. 15).

Det vert ofte skildra fira undergrupper av svimmelheit (Newman-Toker et al., 2007, s. 1329; Sloane et al., 2001, s. 823). Den første er vertigo som vert definert som ei kjensla av at rommet eller ein sjølv bevegar seg utan at dette er tilfellet. Det å vera nær å svima av eller det å vera lett i hovudet, er ei anna form for svimmelheit. Vidare kan därleg balanse omtalast som ei form for svimmelheit, som ofte kan kjennast i beina. Til slutt er det andre typar svimmelheit som til dømes kan vera angstrelaterte (Sloane et al., 2001, s. 825).

Det vestibulære systemet omfattar balanseorganet som ein finn i det indre øyra, og balansenerven med tilhøyrande forbindelsar i hjernen (Molvær et al., 2020, s. 27). Den perifere delen av det vestibulære systemet er balanseorganet og den delen av balansenerven som er utanfor hjernestamma, medan den sentrale delen er vestibulariskjernane med dei nærmeste forbindelsane i hjernen (Molvær et al., 2020, s. 26-27).

Ved sjukdom i eit av balanseorgana oppstår det asymmetrisk aktivitet i vestibulariskjernane (Goplen, 2009, s. 10). Informasjonen frå balanseorgana stemmer då ikkje overeins med informasjonen frå synet og proprioceptorane (Wilhelmsen, Goplen & Molvær, 2002, s. 12), og svimmelheit og problem med å oppretthalda balansen kan oppstå (Holmeslet & Goplen, 2014, s. 10).

Prosessane som skjer etter den akutt oppståtte svimmelheita kan delast inn i ein spontan og ein dynamisk fase (Wilhelmsen, Molvær & Skøien, 2020a, s. 48). Spontant skjer det ein kompensasjon for den tapte informasjonen ved at aktiviteten i vestibulariskjernane vert fremma på sjuk side medan aktiviteten i vestibulariskjernane vert hemma på frisk side. Hos mange bidreg dette til at symmetrien, og dermed balansefunksjonen, vert retta opp igjen i løpet av den første månaden. Dette er ein fysiologisk prosess som omfattar endringar i det eksisterande nevrale nettverket og danning av nye nerveceller (nevrogenese). Den dynamiske

prosessen omfattar reprogrammering av augerørsler og posturale reaksjonar (Wilhelmsen et al., 2020a, s. 49).

Stimuli er viktig for både den spontane og den dynamiske kompensasjonsprosessen (Wilhelmsen et al., 2020a, s. 50). I den dynamiske kompensasjonen er hjernen særleg avhengig av korte og gjentakande periodar med stimuli, som rørsler av hovudet eller stillingsforandringar (Wilhelmsen et al., 2020a, s. 50). Mange personar med svimmelheit er derimot redde for å framkalla svimmelheita (Kvåle et al., 2008, s. 163). Dette kan føra til ei reduksjon i det generelle aktivitetsnivået deira. Dei unngår også ofte visse rørsler for å handtera svimmelheita. Redusert rørsle kan føra til muskulære endringar og smerter (Kvåle et al., 2008, s. 163). Etterkvart kan den opphavelege årsaka til svimmelheita vera vekke, men kroppen har lært ei ny åtferd som bidreg til å oppretthalda dei vestibulære symptomata (Wilhelmsen et al., 2020a, s. 49). I tillegg til den endra åtferda kan det også ha skjedd endringar i til dømes vestibulariskjernane eller hjernestamma som gjer at kompensasjonen ikkje vert fullstendig, og svimmelheita kan bli vedvarande (Wilhelmsen et al., 2020a, s. 52).

## **2.3 Muskelskjelettfunksjon**

For å undersøkja muskelskjelettfunksjon i denne studien, vart muskelskjelettsmerter, kroppsleg fleksibilitet, gripestyrke og gangfart undersøkt.

### **2.3.1 Svimmelheit og muskelskjelettsmerter**

Studiar som er gjennomført med pasientar med langvarig svimmelheit viser at desse pasientane har både lokale (Knapstad, Goplen, Skouen, Ask & Nordahl, 2019, s. 1) og utbreidde smerter i kroppen (Iglebekk, Tjell & Borenstein, 2013, s. 233). Kvåle et al. (2008, s. 162-163) fann at frykt for å røra seg førte til auka grad av muskelskjelettsmerter og redusert kroppsleg fleksibilitet hos pasientar med langvarig svimmelheit. Langvarig svimmelheit og smerter i kroppen har også vist seg å påverka pasientar emosjonelt (Malmström, Magnusson, Holmberg, Karlberg & Fransson, 2019, s. 1), og er assosiert med nedsett livskvalitet (Knapstad, Goplen, et al., 2019, s. 1).

### **2.3.2 Svimmelheit og kroppsleg fleksibilitet**

Hos pasientar med langvarig svimmelheit er det vist at endringar i muskelskjelettsystemet kan førekomma (Wilhelmsen & Kvåle, 2014, s. 1025). Den fysiske funksjonen og kroppsleg

fleksibilitet i nakke og skulder kan bli redusert (Knapstad, Nordahl, Skouen, Ask & Goplen, 2019, s. 5; Kvåle et al., 2008, s. 168). Ei forklaring på dette er at pasientane ynskjer å unngå rørslene som fremmar svimmelheita (Lahmann et al., 2015, s. 306).

### 2.3.3 Gripestyrke

Gripestyrken og muskelmassen vert redusert etterkvert som folk vert eldre (Giampaoli et al., 1999, s. 286). Vidare har gripestyrken til ein person klinisk verdi ettersom det samsvarer med den generelle muskelstyrken (Bohannon, 2015, s. 465). Styrken har også ein prognostisk verdi for framtidig funksjon og dødelegheit (Bohannon, 2015, s. 466).

### 2.3.4 Gangfart

Det å gå krev ei kontinuerlig integrering av visuell, propriozeptiv og vestibulær informasjon (Neumann, 2017, s. 654). Hos friske og fungerande menneske er det å gå ein automatisk aktivitet som ikkje krev ekstra oppmerksamheit (Clark, 2015, s. 1). Samtidig er det vist at pasientar med langvarig svimmelheit i større grad nyttar visuell informasjon samanlikna med andre (Schniepp et al., 2014, s. 744), og at gangfarta kan bli endra (Schniepp et al., 2014, s. 741). Gangfart er ein prediktor for nedgang i funksjon, innlegging på sjukehus og fare for død (Rydwik, Bergland, Forsén & Frändin, 2012, s. 249). Gangfart på under 1 m/s kan identifisera personar med høg risiko for helserelaterte utfall (Cesari et al., 2005, s. 1678). Hos pasientar med langvarig svimmelheit kan også «dual task» oppgåver redusera gangfarta på grunn av delte oppmerksamhetsressursar (Schniepp et al., 2014, s. 741). Når dette skjer, vert den posturale oppgåva ofte prioritert over den kognitive oppgåva (Schniepp et al., 2014, s. 741).

## 3.0 Metode

### 3.1 Val av metode og forskingsdesign

For å undersøkja samanhengen mellom muselskjelletfunksjon og balanse hos pasientar med langvarig svimmelheit vart kvantitativ metode nytta innan eit tverrsnittdesign. Ved tverrsnittdesign vert datamaterialet henta inn på eit gitt tidspunkt (Polit & Beck, 2017, s. 168). Eit tverrsnittdesign er eigna for å undersøkja assosiasjonar eller samanhengar mellom to eller fleire variablar.

### **3.2 Vitskapsteoretisk forankring**

Kvantitativ metode er inspirert av eit positivistisk vitskapssyn (Drageset & Ellingsen, 2009, s. 101). I den positivistiske vitskapsteorien vart det tenkt at kontekst, subjektivitet og meiningskunne kunne elimineraast i forsking (Thornquist, 2018, s. 231), og berre det som kunne målast og observerast vart rekna som påliteleg vitskap (Thornquist, 2018, s. 49-50).


I denne oppgåva vart det nytta fysiske testar til å undersøkja balanse, kroppsleg fleksibilitet, gripestyrke og gangfart. Dei fysiske testane genererer kvantitative data i form av tal, men ulike forskrarar vil likevel kunna tolka og forstå tala ulikt (Thornquist, 2018, s. 229). Ein går også glipp av livssamanhengen og erfaringsverda til deltakaren når ein nyttar tal til å undersøkja funksjonen til deltakaren (Thornquist, 2018, s. 90-91). Me får på den måten ikkje veta noko om tankane, følelsane og det personlege bak dei tala me har funne i dette prosjektet. Samtidig var føremålet å undersøkja samanhengen mellom muskelskjelletfunksjon og balanse. Forskingsspørsmålet gjaldt om det er eksisterer ein samanheng mellom desse to variablane. Det vart difor ikkje rekna som naudsynt å undersøkja kva som låg bak tala for å svara på det overordna forskingsspørsmålet.

Spørjeskjema vart nytta til å undersøkja grad av høvesvis muskelskjelletsmerter og grad av svimmelheit. Spørsmåla var kvalitative i innhaldet ved at dei spurte om personen si oppleving av smerte og plager relatert til svimmelheita. Sidan skjemaet hadde strukturerte spørsmål med ordinale svarsskalaer, vart respondentane sine opplevingar operasjonalisert til kvantitative estimat for å kunna nyttast til statistisk testing. Spørsmåla som deltakarane svarte på kunne oppfattast og fortolkast ulikt mellom dei ulike deltakarane i studien. Det kan difor stillast spørsmål til validiteten av responsane.

I tråd med positivismens ideal er det umogleg å gå utan føresetnadar inn i ein situasjon (Thornquist, 2018, s. 229-230). Både forskar og deltakar vil alltid vera påverka av si historie og bakgrunn (Thornquist, 2018, s. 235). Forskingsteamet vart vald ut frå eiga interessa, og min bakgrunn var difor med på å styra dette valet. Som forskar stod eg heller ikkje på sidelinja og observerte, men har vore deltakane og påverka prosessen med mi fortolking av biletet og kunnskap gjennom heile prosessen.

### 3.3 Rekruttering og utval

Inklusjonskriteria for å kunna delta i studien var: alder mellom 18 og 70 år, akutt oppstått svimmelheit, og symptom i tre månadar eller meir som vart forverra ved rørsler av hovudet. Eksklusjonskriteria var: ei ikke-vestibulær årsak til svimmelheita slik som ulike nevrologiske sjukdommar, sjukdommar der raske rørsler av hovudet var kontraindisert, til dømes osteoporose i nakken, aktiv benign paroksysmal posisjonsvertigo (BPPV), Ménières sjukdom, vestibulært schwannom, alvorleg og terminal patologi som hjernetumor, mangelfulle munnlege- og skriftlege norskekunnskapar eller ingen moglegheit til å komma til HVL for testing.



Figur 1. Flytskjema som viser rekruttering av utvalet.

### 3.4 Utfallsmål og testar

Balanse, målt av fysioterapeutar ved hjelp av testen «Modified Clinical Test of Sensory Interaction on Balance» (mCTSIB) var hovudutfallsmål (avhengig variabel). mCTISB vart testa på balanseplattform. Muskelskjelettfunksjon var forklaringsvariablar (uavhengige variablar). Desse vart målt med ulike testar og spørjeskjema. Deltakarane svarte på spørjeskjemaet «Subjective Health Complaints» (SHC) som gjeld muskelskjelettsmerter (SHCmusk) (vedlegg 2). Fysioterapeutane nytta «Global Fysioterapeutisk Muskelundersøkelse» (GFM) til å undersøkja kroppsleg fleksibilitet (GFMfleks). Gripestyrke og gangfart (sjølvvatt, rask og «dual task») vart også testa av fysioterapeutane. I tillegg vart sjølvrapportert grad av svimmelheit (VSS-SF) undersøkt ved hjelp av «Vertigo Symptom Scale – short form» (VSS-SF) (vedlegg 3). Sjå tabell 1 for informasjon om spørjeskjema og testane.

Tabell 1. Testar og spørjeskjema nytta i studien

Måleinstrument	Forkorting	Testprosedyre	Måleeigenskapar
Subjective health complaints	SHCmusk	Helseproblem dei siste 30 døgna relatert til muskelskjelettsmerter frå 0 (ingen problem) til 3 (alvorlege problem), maks 24 poeng	Reliabel test i den generelle populasjonen
Global fysioterapeutisk muskelundersøkelse	GFMfleks	Kroppsleg fleksibilitet og evna til å slappa av under passive rørsler i lumbo-sakralfleksjon, hovud-nikkfleksjon, skulderretaksjon, og dropp av olboge. Gjennomsnitt frå fira testar på ein skala mellom -2.3 til 2.3. Negative verdiar vart endra til positive.	Reliabel og valid hos pasientar med langvarige muskelskjelettsmerter
Gripestyrke		Gripestyrke målt i kilogram. Gjennomsnitt av to forsøk på venstre og høgre hand	Reliabel og valid hos eldre heimebuande
Gangfart sjølvvatt tempo		Gangfart i m/s i sjølvvatt tempo. Distanse på åtte meter, tid målt på dei seks midtraste metrane	Reliabel og valid i ulike pasientgrupper
Gangfart raskt tempo		Same prosedyre som for sjølvvatt tempo, men deltakarane vart instruert i å gå så raskt dei kunne	Reliabel og valid i ulike pasientgrupper
Gangfart «dual task»		Same prosedyre som for sjølvvatt tempo. Deltakarane gjennomførte ei kognitiv oppgåva, der dei talde kvart tredje tal nedover frå 70	Reliabel og valid hos eldre
mCTSIB	EOfirm	Postural svai målt på balanseplattform som kurvelengde på fast underlag med opne auge, 30 sekundar	Reliabel og valid test hos pasientar med vestibulære lidingar
	ECfirm	Postural svai målt på balanseplattform som kurvelengde på fast underlag med lukka auge, 30 sekundar	Reliabel og valid test hos pasientar med vestibulære lidingar
	EOsoft	Postural svai målt på balanseplattform som kurvelengde på skumpute med opne auge, 30 sekundar	Reliabel og valid test hos pasientar med vestibulære lidingar

ECsoft	Postural svai målt på balanseplattform som kurvelengde på skumpute med lukka auge, 30 sekundar	Reliabel og valid test hos pasientar med vestibulære lidingar
The Vertigo symptom scale - short form	VSS-SF Sjølvrapportert grad av svimmelheit. 15 spørsmål, derav åtte er relatert til vertigo-balans (VSS-V), og sju er relatert til angstsymptom (VSS-A). Totalskåre er 60 poeng, ≥ 12 indikerer alvorleg svimmelheit	Reliabel og valid hos pasientar med langvarig svimmelheit

Forkortinger: SHCmusk, Subjective Health Complaints musculoskeletal; GFMfleks, Global Fysioterapeutisk Muskelundersøkelse - fleksibilitet; m/s, meter per sekund; mCTSIB, modified Clinical Test for Sensory Interaction on Balance; EOfirm, svai på fast underlag med opne auge; ECfirm, svai på fast underlag med lukka auge; EOsoft, svai på skumpute med opne auge; Ecsoft, svai på skumpute med lukka auge; VSS-SF, The Vertigo symptom scale - short form; VSS-V, The Vertigo symptom scale - Vertigo; VSS-A, The Vertigo symptom scale - Anxiety.

### 3.5 Statistiske analysar

Det vart nytta deskriptiv statistikk til å skildra bakgrunnsinformasjon, spørjeskjemavariablar og testresultat. Variansanalysemoddalar (ANOVA) vart nytta for å undersøkja gruppeskilnader av avhengige variablar ut frå kjønn og aldersgrupper. Lineære regresjonsmodellar vart nytta for å testa samanhengar mellom seks uavhengige og fira avhengige variablar, totalt 24 samanlikningar. I dei lineære regresjonsmodellane vart det justert for kjønn og alder. For ytterlegare informasjon om dei statistiske analysane vert det vist til artikkelen. Ein føresetnad for å nytta parametriske statistiske tilnærmingar er at variablane er normalfordelte (Polit & Beck, 2017, s. 383). I resultatdelen av kappa vil framgangsmåten for å undersøkja om variablane er normalfordelte bli vist. Variablane vart inspiserte i histogram og spreiingsplott. Testane var to-hala med  $p$ -nivå 0.05.

### 3.6 Etikk

Helsinkideklarasjonen omfattar etiske retningslinjer for medisinsk forsking der mennesker er involverte (World Medical Association, 1964). I følge Helsinkideklarasjonen skal forsking organiserast og utførast på ein forsvarleg måte med respekt for forskingsdeltakarane. Forsking skal ivareta etiske, medisinske, helsefaglege, vitskaplege og personvernmessige forhold. Det å utvikla ny kunnskap skal aldri overgå rettighetane og interessene til deltakarane i prosjektet, og deltakarane si velferd og integritet skal komma før samfunnet sine interesser (Helseforskningsloven, 2008, §5; World Medical Association, 1964).

Før oppstart av eit prosjekt er det krav om at prosjektet skal vera godkjent av den Regionale komite for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk (REK) (Helseforskningsloven, 2008, §9; Salbu, 2014). Studien «Undersøkelse og behandling av pasientar med svimmelheit i norsk primærhelseteneste» vart godkjent av REK før oppstart. Det vart ikkje søkt om


endringsmelding til denne studien då det ikkje er naudsynt om opplysningane som vert nytta er av-identifisert utan fødselsdato, namn eller andre personlege kjenneteikn som kan knytast til deltakarane (REK, 2015). Kvar deltakar fekk eit eige identifiseringsnummer, og i følge Polit og Beck (2017, s. 147) er det å sikra anonymiteten til deltakarane ved at opplysningane ikkje kan knytast til den enkelte eit sikkert middel for å ivareta anonymiteten deira. Det har berre vore prosjektleiar som har hatt tilgang til koplingsnøkkelen mellom deltakar og identifiseringsnummer. Denne koplingsnøkkelen har blitt oppbevart separat og innlåst. Kvar deltakar fekk munnleg og skriftleg informasjon om hensikta med studien før oppstart. Dei vart informert om fordelar og ulemper med deltaking. Vidare fekk dei informasjon om at dei til ei kva tid kunne trekkja seg. Før oppstart av testane ved baseline signerte deltakarane skriftleg samtykkje.

## 4.0 Resultat


### 4.1 Normalfordeling

Ein føresetnad for å gjera parametriske statististiske testar er at variablane er normalfordelte. Fordelinga av kvar variabel måtte difor undersøkja før oppstart av analysearbeidet. Histogram og spreiingsplott vart nytta til dette føremålet.


#### 4.1.1 Histogram som viser avhengige variablar målt med mCTSIB på balanseplattform




Figur 2. Svai på fast underlag med opne øye (EOfirm)



Figur 3. Svai på fast underlag med lukka øye (ECfirm)



Figur 4. Svai på skumpute med opne øye  
(EOsoft)




Figur 5. Svai på skumpute med lukka øye  
(ECsoft)

Histogramma som viser dei avhengige variablane over, vart inspisert for å vurdera om dei var normalfordelte (figur 2-5). Histogramma viste at variablane ikkje var normalfordelte, og at to av skåringane kunne karakteriserast som uteliggjarar (ekstremverdiar) då dei fråveik frå resten av datapunkta. Desse to deltakarane som var representerte som uteliggjarar hadde ekstremverdiar for alle variablane, og vart difor fjerna frå analysane. Dei resterande histogramma er vedlagt (vedlegg 4). Sjølv om dei to deltakarane vart fjerna, viste histogramma over svavariablane at dei framleis var skeivfordelte. Dei avhengige variablane, postural svai, vart difor logtransformert for at dei skulle kunna nyttast i parametriske testar. Nye histogram av dei logtransformerte variablane vart inspisert og vurderte som normalfordelte slik at dei kunne nyttast i vidare analysar (vedlegg 5). Dei uavhengige variablane som representerte muskelsjelettfunksjon vart ved inspeksjon av histogram vurderte til å vera normalfordelte.


## 4.2 Korrelasjon

Spreiingsplott mellom dei uavhengige og dei avhengige variablane vart laga for å vurdera grad av og retning på korrelasjonane, og om det framleis var enkelte deltakarar som var uteliggjarar. Det vart vurdert at ein deltakar fråveik frå resten på «dual task» gangfart, og denne enkeltverdien vart sletta. Nye spreiingsplott vart laga etter dette for å stadfesta at variablane no var normalfordelte (figur 6-9).


#### 4.2.1 Spreiingsplott mellom uavhengige og avhengige variablar




Figur 6. Balanse målt på fast underlag med opne øye (EOfirm) og muskelskjelletsmerter (SHCmusk)



Figur 7. Balanse målt på fast underlag med lukka øye (ECfirm) og kroppsleg fleksibilitet (GFMfleks)



Figur 8. Balanse målt på skumpute med opne øye (EOfirm) og gangfart raskt tempo



Figur 9. Balanse målt på skumpute med lukka øye (ECsoft) og gripestyrke

Dei resterande spreiingsplotta ligg som vedlegg (vedlegg 6).

#### 4.3 Samanfatning av bakgrunnsinformasjon og kliniske målingar

Totalt vart det gjennomført analysar i eit utval som hadde 105 deltagarar. Det var 79 (75%) kvinner og 26 (25%) menn som deltok. Ein gjennomsnittleg skåre på 21 på svimmelheitssymptom (VSS-SF) i utvalet indikerte alvorleg svimmelheit. Medianen for

varigheita av svimmelheit var seks år (minimum=3 månadar, maksimum 482 månadar). Alderen på deltakarane var fordelt mellom 20 og 70 år (gjennomsnitt =49 år (standardavvik = 12.9)) Deltakarane hadde minst postural svai i ståande på fast underlag med opne auge med ein median på 137 millimeter og mest postural svai på skumpute med lukka auge med ein median på 844 millimeter.

#### **4.4 Samanfatning av resultat frå artikkelen**

